



Lindås VVS
Nils-Arne Træland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7486 - 18/17311

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
30.05.2018

Svar på spørsmål om utsetjing på frist for vedtak om dispensasjon frå arealføremålet og plankravet - gbnr 56/18, 19, 37, 99 Hundvin

Det vert vist til din førespurnad mottatt 15.05.2018 om forlenging av frist med 6 månadar for vedtak om dispensasjon frå næringsføremål og plankravet gitt i vedtak datert 27.05.2015. Føremålet med dispensasjonssøknaden var for å kunne nytta bygningane til bustadføremål.

Det følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-9 at løyvet fell vekk dersom tiltaket ikkje er sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn 2 år. Desse reglane gjeld tilsvarande for dispensasjon.

I forarbeidene til pbl § 21-9 står det at dette «*innebærer at dispensasjoner som er gitt separat også faller bort etter tre år dersom tiltaket ikke er satt i gang. Dette innebærer at det må gis tillatelse til tiltak innen tre år for at dispensasjonen ikke skal falle bort.*»

Då det ikkje er sendt inn søknad om løyve til bruksendring innanfor fristen på 3 år frå det vart gjeve dispensasjon, så fell vedtaket bort. Fristane er absolutte og kommunen kan ikkje forlenga fristen for dispensasjonsvedtaket.

Tiltaket som det er gjeve dispensasjon til i vedtak datert 27.05.2015 fell dermed vekk. Dersom tiltaket skal realiserast må det sendast inn ny søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-1. Denne søknaden kan sendast separat eller saman med sjølve byggesøknaden.

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Lindås VVS

